



Olje- og energidepartementet

<b>Dykkar ref.:</b>	<b>Vår ref.:</b>	<b>Arkivsak:</b>	<b>ArkivID:</b>	<b>Vår dato:</b>
	SAGKAR - 19/5136	18/141	K2 - S82	01.10.2019

## Innspel til NVEs forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land

Etnedal kommune sluttar seg til høyringsinnspelet til Oppland Fylkeskommune, og vil generelt uttale seg om vindkraft.

Det bes innstendig om at NVE, i alle tilfelle, både ved planlagde og framtidige vindkraftprosjekt løfter blikket og ser opp og fram. Konsekvensane ved vindkraftutbygging er store for lokalsamfunnet og den lokale naturen. Spesielt utbygging av urørt natur bør på ingen måte skje. Vi har ikkje mykje urørt natur igjen her i Noreg, sjølv om det er meir enn dei fleste andre land i Europa.

Vindkraftutbygging inneber historisk øydelegging av norske naturverdiar kamouflert under honnrordna miljøvenleg, grøn energi og grønne sertifikat. Naturøydelegging i form av vindkraft er unaudsynt, Noreg treng ikkje gjere dette. Straum har vi nok av og skal det aukast må det gjerast på ein måte der naturverdiar ikkje blir forbrukt. Det er mogleg - berre vi vil. Naturøydeleggjande vindkraft er i konflikt med biokonvensjonen og den europeiske landskapskonvensjonen. Det fins andre alternativ slik at desse kan oppfyllast.

Norsk natur er i ei klasse for seg sjølv, skal vi verkeleg bruke opp denne med irreversible inngrep? Ekte natur er mangelvare, og Noreg bør satse på arealnøytral politikk. Vi bør ikkje ofre den viktige naturen vår for å vere Europas reservebatteri. Vindmølleparkane tek ikkje berre areal, dei tek liv. Vindturbinane kan drepe tusenvis av fuglar årleg. Vindkraftutbygging er også ei belastning på den generelle folkehelsa, med støy og flimring frå vindturbinane. Det er mange negative ringverknadar direkte av vindmølleparkane og det er indirekte ved varig tap av verdifull rekreasjonsnatur. Klimaangst er eit omgrep som dukkar opp stadig oftare. Skal dette problemet berre ignorerast?

Økonomien i dette er også eit aspekt som verkar å vere oversett. Er det utreda godt nok? Vil vindmøllene føre til overproduksjon som igjen gir låg straumpris og dårleg fortjeneste på vindkrafta? Er dette sett opp imot levetida til vindturbinane? Kva skjer dersom vindkraftselskapet går konkurs? Er vindkrafta vurdert ut i frå eit langsiktig (nok) perspektiv?

Ein kan stille spørsmål vedom naturødeleggjande vindkraft eigentleg er grøn energi. Alt som tapast er ikkje bokført. Den grønaste krafta er den som ikkje blir brukt. Vi bør vere energispararar, ikkje –forbrukarar. Akkurat som at vi bør vere arealnøytrale.

Når skal vi innjå at naturen er ikkje ein ubetinga fornybar ressurs?

Med helsing

Kari-Elin Solberg Saglien  
Rådgiver

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjend og sendt utan underskrift.